

Ingeniørstudiet på Straume mest pop i landet

Ingeniørstudiet på Straume har fleire søkjarar enn noko anna ingeniørstudium i landet, og vil utvide tilbodet med fleire studie-plassar. I haust flyttar dei inn i heilt nye lokale i Straume Næringspark.

Med 211 søkjarar til 40 studieplassar er ingeniørstudiet på Straume det mest populære ingeniørstudiet i landet. Det fortel dekan Halvor Austenå.

- Vi har mange gode søkjarar og ønskjer å utvide tilbodet til 55 studieplasser. Vilkåret er at næringslivet bidreg med fleire praksisplassar, seier Austenå.

Kring 20 verksemdar tilbyr i dag praksisplassar til studentane ved ingeniørutdanninga på Straume. Kvar student skal ha 17 dagar med praksis ute i ein bedrift mot slutten av første studieår. I dag finst ikkje meir enn 40 praksisplassar. Håpet er å få på plass eit utvida tilbod allereie frå hausten.

Gode Sirkklar har samarbeida med Fjell kommune og Høgskolen i Bergen (HiB) for å finne ei permanent lokalisering for studiet. Når dei nye studentane kjem 17. august, skal alt vere klart i eit nybygg som er under oppføring på nabotomta til Oceanering i Straume Næringspark.

Kan ikkje vente på vind i segla

CCB Kollsnes utset planane om å få i gang vindkraftrelatert aktivitet på Kollsnes. No flyttar dei maskiner og utstyr frå Ågotnes og tek i bruk området i Øygarden til ordinær basedrift inntil vidare.

- Vindkraftsatsinga er i ein for tidleg fase, markedet er ikkje modent nok til at vi kan skape lønsam aktivitet på Kollsnes. Samstundes opplever vi stor pågang og aktivitet på Ågotnes, og ønskjer å flytte noko av aktiviteten til Øygarden for å avhjelpe den ordinære drifta, seier administrerande direktør Kurt Andreassen i Coast Center Base (CCB).

Han understrekar at vindsatsinga langtifrå er lagt død.

- Vi held fram med satsinga, men det er svært begrensa aktivitet knytt til vindkraft i Noreg i denne fasen, og vi ønskjer å avvente litt. Det viktigaste er å skape aktivitet på Kollsnes, ikkje kva type aktivitet vi skal ha der, seier Andreassen. Han legg til at det blir viktig å ta ei avgjerd om kva det er naturleg å ha av vindkraftrelatert aktivitet på Kollsnes.

- Det pågår eit arbeid med vindsatsing på Stord og. Det vil bli satsa på vind baa stader, men på ulike ting. Sway ønskjer å stå løpet ut på Kollsnes, når dei er klare til det, seier Kurt Andreassen.



Foto: Laila L. Lossius

Vel vekk Sotra og Øygarden

Berre to av 19 subseastudentar har valt masteroppgåver frå bedrifter i regionen Sotra/Øygarden. Det fortel senioringeniør Trond Østerås ved masterstudiet innan subsea på NTNU.

I fjor haust starta 19 ingeniørstudentar, mellom anna frå HiB og ingeniørutdanninga på Straume, på det nyoppretta master-studiet innan subsea i Trondheim. Gode Sirkklar samarbeida tett med Høgskolen i Bergen (HiB) for å utvikle dette studiet. Ambisjonen var at alle skal fullføre studiet med oppgåver i bedrifter i vår region i 2013, men slik har det ikkje gått.

- Bedriftene i Trondheim og landet elles er meir synlege og det er difor lettare å velje oppgåver her. Bedriftene er flinkare til å informere undervegs i studiet om kva for prosjekt som kan vere aktuelle å koble dei opp mot, og har kanskje eit større fokus på forskning og utvikling, meiner Østerås.

Dekan Halvor Austenå ved HiB meiner problemet er at altfor få studentar vel ei fagretning som tilseier at dei vil kome attende til regionen. Han meiner at bedriftene må kome sterkare på bana for å sikre fleire ingeniørkrefter i regionen.

- Vi håpar å få på plass ei eiga masterutdanning i Bergen, men vi treng fleire fagfolk som jobbar med forskning og utdanning for å få til det, seier Austenå.

Etablerer ingeniørverksemd

Det er stor kamp om fagarbeidarar og ingeniørar, ein kamp SMB-bedriftene ofte tapar. No jobbar Verkstedsgruppen VNR med å danne ei ingeniørverksemd for å sikre tilgang på kompetanse. Medlemene i Verkstedsgruppen VNR blir aksjeeigarar, og tanken er at eigarane skal kunne kjøpe ingeniørtjenester frå verksemda ved behov, fortel Trond Wisnes Nilsen, leiar for Verkstedsgruppen VNR. - På denne måten vil vi skape eit ingeniørmiljø og lettare trekkje til oss dei flinke folka, seier Wisnes Nilsen. Verkstedsgruppen VNR, tidlegare Kompetanseforum Vest, vart etablert som eit Gode Sirkklar-prosjekt for å styrke konkurransevna til små og mellomstore bedrifter knytt til teknisk og mekanisk industri. Det er no ei velfungerande undergruppe av Vest Næringsråd.

Vil satse internasjonalt på Skaganeset

Sentrale aktørar frå havbruksnæringa, fôr- og foredlingsindustrien har stor tru på at ein marin biopark på Skaganeset kan ta ein internasjonalt leiande posisjon.

Det kom fram på eit møte 20. april, der aktuelle aktørar frå næringslivet og FOU-miljøa (forskning og utvikling) var samla for å få presentert planane om storsatsinga. Planane vekte stor interesse og ønskje om å bidra til realisering av mellom anna ein inkubator og eit pilottestanlegg.

Moglegheitene for å ta ein nasjonal og internasjonalt leiande posisjon innan «blå teknologi» og utvikling av fôringrediensar for havbruk er reelle, meinte aktørane.

- Deltakarane var samde om at ein marin biopark på Skaganeset vil kunne gje auka verdiskaping i heile vestlandsregionen, seier prosjektleiar Ove R. Hjelmervik i Gode Sirkklar.



Sotra Steinindustri AS

Illustrasjon: Sotra Steinindustri.

Han har drive fram prosjektet for Gode Sirkklar. Business Region Bergen (BRB) tek no over stafett-pinnen og arbeider vidare med planane, medan Gode Sirkklar vil yte bistand ved behov.

Det vert arbeidd med å få Skaganeset marin biopark inn i ei stortingsmelding frå Fiskeri- og kystdepartementet.